

## Festidalen-syklane på plass i båthamna.

29.06.2016



Utlånsyklane er på plass i båthamna.

**I samband med Festidalen i fjor vart det plassert ut 4 sykklar til utlån i båthamna. Prosjektet var eit samarbeid mellom Festidalen og båthamna, og gjester kunne fritt låna syklane. Einaste krav var at dei sette dei fint tilbake i sykkelstativet etter bruk slik at dei var klar til neste brukar.**

Syklane fekk dei av eigarar som ikkje hadde bruk for dei lenger, og det var Janne og Johannes Hjørnevåg som stod for det praktiske arbeidet saman med borna. Dei har også sytt for vinterlagring av syklane. Uskedal båtlag kosta sykkelstativet. Kjenneteiknet på syklane er Festidalen-klistremerke i tillegg til den blanke svartfargen.

Syklane vart i fjor til glede for mange feriegjester, og dei vart mykje brukt. Mest utan unnatak vart dei sett fint tilbake i stativet etter bruk. Vi håpar ordninga vil fungera like godt dette året også, slik at gjestene får både glede og nytte av dei på turar rundt i den vakre bygda vår.

De kan lesa kva uskedalen.no skreiv [om sykkelprosjektet i fjor her](#).

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland